

BOKN KOMMUNE

Kommunestyret

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 19.04.2016

Møtetid:

Kl. 19:00 –

Møtestad: Boknatun

Saknr.:

022/16 - 027/16

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Ann Jeanett Olaussen	H	Edgar Våge	H
Roar Medhaug	SP	Sandra Jøsang	SP
Osmund Våga	SP	Geir Aksdal	SP
Anita Kro	SP	Harald Øvrebø	SP
Kjetil Vatnaland			

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Tormod Våga	26/16	Ingen vara

Møteleiar:	Tormod Våga
Frå adm. møtte:	Jan Erik Nygaard, Solrunn Alvestad, Ingunn Toft, Kåre Bua
Utlevvert i møtet:	
Orientering:	Orientering om Haugaland Kraft v/ Olav Linga og Gunn Margareth Lassesen Utbygging av Grieg Seafood er startet opp. Vil føre til 5 nye arbeidsplasser. Tilbringartenesten for Los er nå etablert i Bokn. 4 nye bedrifter har søkt og fått næringstilskot. Utbygging av sjukeheim/omsorgsbustader. Det er mottat anbud på prosjektleiar som nå skal vurderes.
Sp.mål/interpell.:	Vurdering av kva tid Seniorråd/brukarråd skal ha møter. Samrøysta vedtak; Rådet vedtar sjølv når dei skal ha møter.
Synfaring:	
Diverse:	Før møtet var det befarung i fleirbrukshallen.

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
022/16	Godkjenning av møtebok frå møte 08.03.2016
023/16	Busetting av flyktningar.
024/16	Oppnemning av nestleiar og varamedlem - Rådet for eldre og funksjonshemma
025/16	Refinansiering av fleirbrukshallen i Bokn kommune.
026/16	Etablering av tomteselskap i Bokn kommune.
027/16	Meldingssaker til kommunestyremøte 19.04.2016.

022/16: Godkjenning av møtebok frå møte 08.03.2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

19.04.2016 KOMMUNESTYRET

KS-022/16 VEDTAK:

Korrigert vedtak i sak 19/16.

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt, samt forslaget frå SP om at arbeidsgruppa vert ordførar og varaordførar, samt nestleiar i Forvaltningsstyret, vart vedtatt med 14 mot 3 stemmer (AP)

Møteboka elles vart godkjent slik ho låg føre.

023/16: Busetting av flyktningar.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommunestyret i Bokn vedtek at Bokn kommune vil ta imot 12 flyktningar for busetting i 2016, samt 14 flyktningar pr år i åra 2017, 2018 og 2019.
2. Bokn kommune skal ikkje busette mindreårige flyktningar.
3. Det vert sett ei gruppe beståande av ordførar, varaordførar, ein politiskar, Rådmann, Kommunalsjef og NAV leiar som skal arbeid vidare med korleis arbeidet skal organiserast i Bokn kommune.
4. Det vert tilsett flyktningkonsulent i 50% stilling.
5. Bygging av bustad/bustader til flyktningar skal sjåast i samanheng med Bustadpolitisk handlingsplan.

19.04.2016 KOMMUNESTYRET

Forslag frå Kari Christensen AP;

Nytt pkt. 1; Kommunestyret i Bokn vedtek at Bokn kommune vil ta imot 12 flyktningar for busetting i 2016, samt 14 flyktningar i år 2017, fortrinnsvis familiar.

Forslag frå Sigmund Alvestad:

Nytt punkt 1: Kommunestyret i Bokn vedtar at Bokn kommune vil ta imot 3 familier med 2 voksne og 2 barn. Vidare i åra 2017 – 2019 minst 1 familie i året.

Forslag frå Lars Sigmund Alvestad, H;

1. Bokn kommunestyre vedtar at Bokn kommune kan ta imot flykninger , begrenset til en familie mellom 4 - 6 personer med to voksne og barn.
2. Integrerings tilskuddet forutsettes å dekke nødvendige utgifter som f.eks Møbler leilighet Livsopphold første måned, husleie første måned, strøm, reisepenger, klær, evt. barnevogn/annet utstyr, legebesøk, tannbehandling, tolk, optiker, flyktningkonsulent, intrønn , økonomisk sosialhjelp og etc.
3. Stillingshjemmel som flyktningkonsulent etableres med opp til 50 % stilling i en opp til 3 års periode, stillingen skal fortrinnsvis opprettes innenfor dagens stillingshjemmel i kommunen.
4. Det vert sett ned en gruppe bestående av en politiker, NAV og administrasjon, med det formål å utarbeide en inkluderingsplan for flykningene. Denne skal inneholde konkrete inkluderings tiltak og konkret forslag til bosted.
5. Alle kostnader forutsettes dekket av tilskudd og skal føres i egen post på budsjettet uten kommunalt avsatte midler.

Avstemming: Forslaget frå H

KS-023/16 VEDTAK:

Forslaget frå Høgre vart vedtatt med 11 mot 5 (1 KRF, 1 SP og 3 AP)

024/16: Oppnemning av nestleiar og varamedlem - Rådet for eldre og funksjonshemma

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommunestyret oppnemner til nestleiar i Rådet for eldre og funksjonshemma.
2. Kommunestyret oppnemner til varamedlem i Rådet for eldre og funksjonshemma.

Forslag frå Sigmund Alvestad KRF;
Nestleiar; Christine Berge Christiansen
Varamedlem Helga Alvestad

19.04.2016 KOMMUNESTYRET

KS-024/16 VEDTAK:

1. Kommunestyret oppnemner Christine Berge Christiansen til nestleiar i Rådet for eldre og funksjonshemma.
2. Kommunestyret oppnemner Helga Alvestad til varamedlem i Rådet for eldre og funksjonshemma.

025/16: Refinansiering av fleirbrukshallen i Bokn kommune.

19.04.2016 KOMMUNESTYRET

Forslag frå Kari Christensen AP; Opprettheld forslaget til formannskapet omgjere 4 mill til lån.

KS-025/16 VEDTAK:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart vedtatt med 13 mot 3 stemmer (AP)

026/16: Etablering av tomteselskap i Bokn kommune.

19.04.2016 KOMMUNESTYRET

Kommunestyret vedtok at ordførar var inhabil i saka. Vedtaket vart vedtatt med 15 mot 1 (H)

Forslag frå Kari Christensen AP; Opprettheld forslaget som vart lagt fram i Formannskapet.

KS-026/16 VEDTAK:

Formannskapet sitt forslag til vedtak vart vedtatt med 12 mot 3 stemmer (AP)

027/16: Meldingssaker til kommunestyremøte 19.04.2016.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingssakene blir tatt til orientering.

19.04.2016 KOMMUNESTYRET

KS-027/16 VEDTAK:

Meldingssakene vart tatt til orientering.

